



## Statens vegvesen

Modalen kommune  
5729 MODALEN

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Hilde Gunn Stenseth - 56520207

Vår referanse:  
2014/082693-007

Dykkar referanse:  
14/218-14/858

Vår dato:  
22.10.2014

### Statens vegvesen sine merknadar til Planframlegg til kommuneplan Modalen - 2014 - 2025 - Høyringsutkast

Viser til framlegg til kommuneplan som er ute til offentleg ettersyn.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

#### Generelt:

Modalen kommune peikar på Plan- og bygningslova sitt føremål og presiserer at desse måla ligg til grunn for alle andre mål som vert formulert i planframlegget.

Statens vegvesen meiner Modalen har klart å fokusera på kva dei sjølve meiner er dei viktigaste måla for kommunen i komande kommuneplanperiode, både gjennom samfunnssdelen og arealdelen.

Statens vegvesen vil også få lov å skryta av Modalen kommune for at dei har klart å få til ei god kopling mellom samfunnssdelen og arealdelen, og at heile planarbeidet ber preg av godt gjennomtenkte og gjennomarbeidde målsetjingar og framlegg til tiltak for å nå måla.

#### Samfunnssdel:

I kommuneplanen er målsetjinga at Modalen skal vera:

- Ein attraktiv, trygg og inkluderande plass å bu
- Aktiv samfunnsutviklar og attraktiv arbeidsgjevar med relevant kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og gode tenester
- Næringslivet er tufta på god samhandling mellom fleire kompetansemiljø
- Område som legg til rette for god folkehelse gjennom fysisk aktivitet er lett tilgjengeleg for alle
- Effektivt og allsidig landbruk

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Tel: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø<sup>9</sup>  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Statens vegvesen legg merke til, og ser positivt på, at Modalen kommune har fokus på tryggleik ved fleire høve i samfunnsdelen til kommuneplanen.

#### **Arealdel:**

- Hovudtema for arealdelen er **bustadbygging, fritidsbustader, næringsareal, sentrumsutvikling Mo, småkraft**. Andre team er **infrastruktur (samferdsle), landbruk, strandsonevern**
- Statens vegvesen meiner de har god vurdering av behov, og at de ser på samspelet og lokaliseringa av dei ulike arealtypane mot kvarandre (både byggjeområde og gode sentrumsnære uteområde) for å byggja opp om at Mo sentrum kan halda fram med å vera eit attraktivt lite sentrum i regionen.
- I framlegg til planen er det med eit eige delkapittel om trafikk og samferdsle sjølv om dette ikkje er eit av hovudtema for arealplanen. Trafikk og samferdsle er likevel viktig for å kunna sjå heilskapen, og dette har Modalen eit godt grep om i sitt framlegg til kommuneplan.
- Planframlegget legg til rette for ein meir mangfaldig bustadmarknad både av omsyn til type bustad og lokalisering. Bakgrunnen for dette er varierande etterspurnad og kommunen sine ambisjonar om folkevekst større enn middels. Kommunen har likevel fokus på samordna areal- og transportplanlegging ved at nye bustadfelt vert lagt i nær tilknyting til eksisterande.
- Eigna areal for etablering av nærings- og tenestesenter. Eit felles nærings- og tenestesenter krev gjerne lokalar med andre kvalitetar enn det som ligg i planen i dag. Det er difor teke med meir areal for tilrettelegging for næring i framlegg til nye kommuneplan. Dette er vurdert og funne nødvendig for å nå måla som Modalen kommune har sett seg. Statens vegvesen har ingen merknadar til dette.
- Sjølv om Statens vegvesen ikkje har nokon spesielle merknadar til aktuell småkraftutbygging i kommunen, så vil me minna om at dette ikkje automatisk gjev løyve til tilkomst til veg eller dispensasjon frå byggegrense. Dette må det søkjast om særskild. Det same gjeld andre aktuelle byggetiltak.
- Statens vegvesen vil også peika på at det ved tilrettelegging for byggeområde må takast omsyn til m.a avstand til veg.

#### **Føresegner:**

Statens vegvesen har ingen spesielle merknadar til føreseggnene.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger  
Med helsing

  
Carl Erik Nielsen  
Seksjonssjef  
*for*

  
Hilde Gunn Stenseth

Kopi: Hordaland fylkeskommune.  
Fylkesmannen i Hordaland.